

Fra: Bjørnar Withbro (Bjornar.Withbro@stord.kommune.no)

Sendt: 27.09.2017 13:10:20

Til: Ruth Ørnholt

Kopi: Sigrid Furnes; Kristine Thorkildsen; Gro Solheim; Knut Johannes Gram; Ole Tufeland , dy.

Emne: Tilsagn Bibliotekmidler 2017 -Stord

Vedlegg:

Viser til brev 26.1.17.

Stord folkebibliotek vil i haust vere mykje opptatt med å realisere meirope bibliotek. Vier på det næraste ferdig med prosjektet , men skal ha ymse installasjonar no i oktober og framover.

Det vert for mykje arbeid å gjere god og konstruktiv planlegging også av ungdomsavdeling *samstundes*. Her har vi eit godt utgangspunkt i det interiørarkitektmaterialet vi har, og i den planlegginga som alt er gjort.

Interiørarkitektens sluttsum er på ca. kr. 404 000. Etter opphavelige teikningar skal også murveggar fjernast.

Eit grovt overslag her er kr. 50 000-100 000. Det er såleis eit stort misforhold mellom summen vi har disponibel og kostnaden. Biblioteket har innarbeidd kr. 200 000 i framlegget til budsjett 2018 , og vi vil elles sjå kva som vert disponibelt når meirope er gjennomført.

Samla sett vil vi få betre oversyn for jobben med ungdomsavdeling ved byrjinga av 2018, og vi søker derfor om overføring av løyvinga på kr. 100 000 til 2018. Budsjett-teknisk vil dette bli gjort i Stord kommune, eventuelt.

Viser elles til samtale med Sigrid Furnes om saka 26.10.

VI ber om skriftleg attendemelding i saka.

Med helsing Bjørnar Withbro/biblioteksjef Stord kommune